

# VALKORT

## Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

Hugs at du tek med Valkort til røystelokale.

**Alle med røysterett og som står i manntalet har motteke Valkort til Kommune- og Fylkestingsvalet 2019. Uskedalen er ikkje eigen valkrins, slik det var før. Dette vart sterkt kritisert for fire år sidan og sentrale politikarar lova ei endring. Ingen ting vart gjort. Då saka om valkrinsar var oppe nyleg, var det meste gløymd. Dess meir vert alle i Uskedalen oppmoda om å nytta røysteretten, anten ved førehandsrøysting eller på ein av valdagane 8. og 9. september.**

Vallokalet for Uskedalen er Rosendal samfunnshus, gymsalen. Førehandsrøystinga vert gjennomført i Biblioteket på Husnes eller i Rådhuset, Rosendal.

På valdagen må du røysta i den kommunen du er registrert busett i pr. 30. juni 2019. På framsida av valkortet står det kva vallokale du skal nytta.

Alle frå Uskedalen som bur på alders- og sjukeheim, kan førehandsrøysta på institusjonen. Dersom nokon ynskjer å røysta heime, til dømes ved sjukdom, er det ordning for det. Då skal kommunen syta for at det vert gjort på ein lett og praktisk måte..

Frå Uskedalen er det kandidatar på sju av ni partilister. Det er SF, SP, MGD, H, KrF, V og AP. Tilsaman 15 listekandidatar. Det er ikkje namn frå Uskedalen på FrP og PDK.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal